

# SMU/SU-møte nr 1, skoleåret 2024-25

Fellesrommet på Samnanger Barneskule **20/11-2024, kl 19:15 – 20:15**

Tilstades:

Elevrådsrepresentanter: Nathalia L. Drevsjø og Tyra K. Vaular

Representanter for undervisningspersonalet: Hege S. Kolle og  
Anne Lene Grønlien

Representant for andre tilsette: Almira Omerkadic

Rektor Eli Kristin Berge, Samnanger kommune

Odd Arne Haga, vikar for Håvard Tvedterås kommunestyret i Samnanger

Foreldrerepresentantar: Irmelin A. Bjørkmo, Lillian drevsjø og Ingrid Rondestveit

Refr. Eli kristin Berge

**2024/25-01 Innkalling godkjendt.**

**2024/25-02 Val av leiar, nestleiar**

Vedtak: Leiar Eli kristin Berge, nestleiar Irmelin Bjørkmo

**2024/25-03 Orientering om oppgaver til SU/SMU v/rektor**

Rektor orienterte om innhald i kva eit samarbeidsutval og skulemiljøutval er. «SU består av representanter fra foreldrene, elevene, undervisningspersonale, andre tilsatte og representanter fra kommunen, hvor rektor er den ene. Foreldrerepresentantene bør være fra FAU. Den ene representanten kan være FAU-lederen», FUG.no. På FUG.no sine nettsider kan ein lese meir om dette.

**2024/25-04 Budsjett Samnanger Barneskule 2025**

Samarbeidsutvalet har lovfesta rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. For at uttaleretten skal bli ivaretatt må budsjettforslag leggst fram for samarbeidsutvalget før endeleg vedtak kan gjerast i kommunestyret. Budsjettet vil bli drøfta i møtet. Det føreligg ikkje sakspapirer ved innkallinga.

Orientering om budsjett 2025:

Budsjettet for 2025 er likt som for 2024, indeksskorrigert. 213 elevar ved barnskulen (1.okt 2024) – budsjettert med 200 elevar til neste år. Det er altså få elevar som skal byrjar på skulen hausten 2025. SFO (1. okt 2024) 67 elevar – budsjettert med over 60 elevar til neste år. Skulen planlegg for ei teneste med høg kvalitet og har difor ulike program for pedagogisk utviklingsarbeid, ma. Dekomp. Satsingar på lesing i alle fag, godt digitalt utstyr, godt arbeidsmiljø/skulemiljø og utemiljø.

Utfordringar: Halda fram med å få tak i godt kvalifiserte lærarar. Skulen har framleis elevar frå Ukraina. Ressurs for å

få til god språkstøtte er lagt inn i budsjett. Når det gjeld lærarnorm ligg me på rundt 16 elevar pr lærar for 1.-4.trinn. Lærarnorma er 15, så altså litt over. For 5.-7.trinn ligg me litt under, der er lærarnorma 20 elevar pr lærar. Dette vil svinga frå år til år, grunna ujevne tal årskull elevar i kommunen. Skal ein få til endringar med fleire elevar i kvar gruppe, må skulen endra romstorleiken på klasseromma. I dag har me mange små klasserom.

Vedlikehald av bygg ligg på eining teknisk. Me ynskje svært gjerne at dette blir prioritert og at ein held fram med å få skulen universell. Det betyr dørpumper på alle dører og god tilgang til alle rom for alle. SFO er open frå 07:00 – 08:30, og etter skuletid til 16:30. I tillegg tilbyr me ope SFO i haustferie/vinterferie og fleire veker om sommaren. Det er eit godt tilbod for elevane og føresette i kommunen.

Alle elevane har ein digital einheit. Dette krev og fornying. Elevane får i dag crombook i 1.-3.trinn. Alle elevar som byrjar på 4.trinn får ny pc. Alle elevar har og tilgang til sitt eige headsett. Dette er ei god ordning. Flott at dette er teke med vidare i 2025 budsjettet.

Eit spenningspunkt i vegen vidare er om kommunen tenke same skulestruktur som no, eller om det kjem endringar i nær framtid. Elevtalet går ned og me ynskje signal på om kommunen tenke endring knytt til skulestrukturen. Odd Arne Haga fortel at det ligg ikkje føringar eller signal på at skulestrukturen skal endrast dei neste åra. Barneskulen har i mange år arbeidd med å betra uteområdet til skulen. Barneskulen, med brei involvering av elevar og tilsette held difor fram arbeidet med å få laga ei skisse over eit utemiljø rundt skulen som sikrar leik og moro for elevane. Når planen er på plass, kan me jobba vidare mot framtidige budsjett for å sikre oss midlar til eit flott og aktivt utemiljø på skulen.

Eit anna prosjekt som er i startgropa er Grendahagen. Det er løyvt 200 000,- til dette prosjektet i 2024, noko av desse pengane blir overført til 2025. Det er pr i dag leigd inn ein arkitekt, som har erfaring med slike områder, til å teikna og skissera korleis området er tenkt sjå ut. Det er og skipa ei gruppe med føresette på både barne- og ungdomsskulen som skal hjelpa til når prosjektet skal rullast ut og iverksetjast. Målet er at det blir våren 2025.

**2024/25 – 06 Trygt og godt skulemiljø.** Orientera om handlingsplan Trygt og godt skulemiljø, godteke av Statsforvaltar 25.09.2024, etter eit tilsyn. Legg ved handlingsplanen.

Utviklingsarbeidet ved Samnanger barneskule. Me deltek på desentralisert kompetanseutviklings program (Dekomp) – Hovudtema er inkludering. Me har denne hausten arbeidd med tema inkludering og foreldremøter. No er det inkludering med vekt på lesing.

Tilbakemelding:Rektor presiserer at etter ny Opplæringslov av 1.08.2024 skal §9a byttast ut med §12. Denne endringa er under arbeid. Elles flott plan der rutinar for kven som gjer kva, kjem godt fram. Planen er lang og kan med fordel gjerast kortare. Rektor tar tilbakemeldingane med når planen skal evaluerast.

**2024/25 – 06 First Lego Leagu:**

Elevar på trinn 6 og 7 har denne hausten delteke i eit prosjekt kalla First Lego League. Laurdag 9.november er det finale på Tysnes. Alle elevane på 6 og 7 får delta og har ei rolle. For dette arbeidet får dei kompensert to ekstra dagar fri. Dei av elevane som ikkje er med denne laurdagen, har ikkje avspaseringsdagar. Dei har då vanleg undervising på skulen. Kva dagar skal det vera? Forslag frå tilsette: 29. og 30.04 2025.

Det kom inn eit anna forslag frå tilsette i møte. Nytt forslag er: 27. og 28.mai 2025

Vedtak: Fridagar for tilsette og elevar som deltok på Tysnes den 9.november 2024 blir: **27. og 28.mai 2025**

**2024/07**

Høyring: Nye reglar for elevpermisjon. Legg ved høyringsutkast. Ny opplæringslov som tredde i kraft 1. august 2024 og ny lov § 2-2 fjerde ledd, stiller krav om at kommunen skal ha ei forskrift om elevpermisjon. Forskrift om elevpermisjon regulerer når og korleis elevar kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa. Framlegg til nye reglar for elevpermisjon var til handsaming i Utvalet for oppvekst, helse og omsorg 24.09.2024 og i kommunestyret 17.10.2024. Forvaltningslova slår fast at nye forskrifter skal på høyring for å sikre rettvis utforming og lovleg handsaming. Høyrings frist for er sett til 24.11.2024. Alle innspel vert vurderte før eit endeleg framlegg til forskrift om elevpermisjon vert lagt fram for og vedtatt i kommunestyret 12.12.2024.

[Høyring av framlegg til lokal forskrift om elevpermisjon - Samnanger kommune](#)

Vedtak: Frå SU/SMU er det ikkje noko å merka seg i framlegg til lokal forskrift om elevpermisjon. Tar høyringa til orientering.

Du har nå sendt «**Høring om lokal forskrift om elevpermisjon**» til **SAMNANGER KOMMUNE**. Referansenummeret er **2e95df3c-4f85-4289-baa9-9474b54aafde**.

**2024/08** Eventuelt – Ingen saker meldt inn på eventuelt.